



Odd Mikal Søreide
Keilevegen 172
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/4851 - 20/9287

Saksbehandlar:
Astrid Irene Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
20.02.2020

Registrert manglar på avløpsanlegg for Kjeilen fellesanlegg

Tiltak:

Utbetring

Byggjestad: Gbnr: /

Tiltakshavar: Eigare av Kjeilen felleskloakk ved Odd Mikal Søreide

Alver kommune har 11.02.2020 motteke melding frå NORVA 24 om at det ved siste tømning av det felles avløpsanlegget dykkar 06.02.2020 vart registrert at anlegget ikkje fungerer tilfredsstillande. Det er registrert høgt nivå i tanken og kloakken flyter over og massen renn dermed ut i naturen. Vi ser at ved tidlegare kontakt i samband med manglar ved tanken, har Lindås kommune vist til gbnr. 125/44, men Alver kommune har ingen informasjon om faktisk plassering av anlegget.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensingslova § 7.

Tilstanden er alvorleg og må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til 05.03.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegga deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova §§ 7 og 73.

For å få utbetra ein avløpsleidning/anlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarforetak.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finst andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når lekkasjen er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med helsing

Astrid Irene Riise
rådgjevar
Miljø og tilsyn

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Odd Mikal Søreide

Keilevegen 172 5953

FONNES